

# 1 Fylkesvalprogram Vestland SV

## 2 Innhald

3	Eit rettferdig og grønt Vestland (innleiing).....	2
4	Grøn transport og samferdsle.....	2
5	Trygge bruksveggar framfor motorveggar.....	3
6	Meir tog – mindre fly.....	4
7	Meir buss og bybane.....	4
8	Sykkel og mjuke trafikantar.....	6
9	Sjøtransport.....	6
10	Offentleg eigarskap og nei til reklame.....	7
11	Klimavennleg næringspolitikk.....	7
12	Demokratisk og klimavennleg kraftproduksjon.....	8
13	Industri.....	9
14	Klima og naturvern.....	10
15	Reiseliv.....	11
16	Skogbruk.....	12
17	Havbruk, fiske og oppdrett.....	12
18	Opplæring, kompetanse og danning.....	13
19	Fleire skal fullføre vidaregåande.....	14
20	Desentralisert og offentleg – ikkje privat og sentralisert.....	16
21	Fagskule.....	17
22	Vaksenopplæring.....	17
23	Kultur for alle.....	18
24	Kulturløft og tilgjengelegheit.....	18
25	Solid kulturminnepolitikk.....	19
26	Progressiv museumspolitik.....	20
27	Musikk, film, scenekunst og festivalar.....	21
28	Tannhelse.....	22
29	Styrkja kapasiteten i tannhelsetenesta.....	22
30	Billegare og gratis tannhelse til nye grupper.....	23
31	Rettferd, inkludering og mangfald.....	24
32	Arbeidsliv.....	24
33	Inkludering.....	25
34	Likestilling, likeverd og mangfald.....	26

35	Folkehelse og idrett .....	27
36	Distrikt og demokrati .....	28
37	Internasjonal solidaritet .....	29

38

## 39 Eit rettferdig og grønt Vestland (innleiing)

40 Klimakrisa, miljøødelegging og aukande forskjellar er dei store i utfordringane i vår tid. Krig  
41 og pandemi, inflasjon og dyrtid har gjort at mange slit med å betala rekningane sine, og at  
42 forskjellane aukar. For å møte desse utfordringane må me forandre Norge til å bli eit  
43 føregangsland som deler godane, og som trekk verda i ei meir miljø- og klimavennleg retning.  
44 SV stiller til val i Vestland for å få ned forskjellane, styrkja velferda og kjempa mot  
45 klimaendringane og naturkrisa.

46 Verda står ovanfor store og naudsynte omstillingar dei neste åra. Det er krig, klimakatastrofe  
47 og svolt i mange land, og me veit at krisa rammer dei fattigaste i verda hardast. Sidan klimaet  
48 er sjølve grunnlaget for eksistensen vår, er kostnaden ved å ikkje gjera noko uoverskodedeg  
49 og ikkje eit alternativ for oss. Klimakrisa kan berre løysast kollektivt, både lokalt, nasjonalt og  
50 internasjonalt. Vestland fylke skal vera leiande i klimaarbeidet, og SV har mål om å redusera  
51 direkte klimagassutslepp til netto nullutslepp innan 2030.

52 Nøkkelen til store kutt i klimagassutsleppa er å redusera og effektivisera energiforbruket,  
53 erstatta fossil energi med fornybar energi i alle delar av samfunnet, og binda meir karbon i  
54 naturen. Arealendringar er den største trugselen mot tap av naturmangfald, også i Vestland,  
55 kor verneverdig regnskog står i fare for å bli rasert av gigantiske motorveg- og  
56 fjordkryssingsprosjekt.

57 Mange opplever ein meir utrygg kvardag der det blir stadig dyrare å leva. Mange har mista  
58 den økonomiske tryggleik sin og har ikkje lengre råd til det viktigaste. I ei slik tid er det  
59 avgjerande at det er rimeleg å ta buss, bybane og annan kollektivtrafikk. Då er det avgjerande  
60 at den vidaregåande skulen er gratis og tilgjengeleg for alle, og at mange får eit  
61 opplæringstilbod i nærleiken av der dei bur. Då gjer det ein forskjell om tannhelsetilbodet blir  
62 billegare og gratis for nye grupper som kanskje treng det aller mest. I ei tid der mange av oss  
63 får mindre å rutta med er det viktigare enn nokon gong at me sikrar og utvidar offentleg  
64 velferd gjennom skule, kompetanse og tannhelse.

65 SV ønskjer eit sosialistisk Vestland der moglegheiter dine ikkje er avhengige av kva økonomi  
66 du har. SV ønskjer eit feministisk og antirasistisk Vestland, der kjønn, kjønnsuttrykk, seksuell  
67 orientering, identitet eller hudfarge ikkje avgjer kva moglegheiter du har. SV ønskjer eit  
68 inkluderande Vestland der alle kan delta på utifrå eigne føresetnadar. SV ønskjer eit  
69 desentralisert Vestland der folk kan leva og bu der dei ønskjer. SV ønskjer eit rettferdig og  
70 solidarisk Vestland som har blick også utanfor vår eiga fylkesgrense og landegrense.

## 71 Grøn transport og samferdsle

72 Ein tredel av klimagassutsleppa kjem frå transport, og det er difor svært viktig å arbeida for  
73 endringar i denne sektoren. Fylkeskommunen har ansvar for ein stor del av vegnettet og

74 kollektivtrafikken, og difor er det avgjerande at dei som styrer Vestland tør og evnar å  
75 prioritera klima og natur i transportpolitikken.

## 76 Trygge bruksvegar framfor motorvegar

77 Vestland fylke har store utfordringar med vegnettet, noko som er til hinder for god og trygg  
78 transport for innbyggjarar og næringsliv. Store delar av fylket er prega av vanskelege  
79 kommunikasjonsforhold med låg vegstandard og mange utrygge vegar. Dette hemmar  
80 verdiskapinga og arbeidet for å nå klimamåla våre.

81 Vestland er også eit av dei mest rasutsette fylka i landet, og klimaendringane vil gjere dette  
82 verre. SV har som politikk å gje gode bruksvegar med gul stripe til alle i Vestland fylke, og ta  
83 igjen det store etterslepet på vedlikehaldet av vegnettet. Til det trengst eit nasjonalt løft og ei  
84 tydeleg prioritering av vegmidlane.

85 SV vil prioritera rassikring og vedlikehald framfor store motorvegprosjekt. Motorvegar  
86 øydelegg natur, gjev kraftig auke i biltransporten med nye utslepp og bind opp vegmidlane.  
87 SV vil også prioritera tryggare vegar framfor store fjordkryssingar, og er difor mot ferjefri E39.  
88 Ferjefri E39 med flytebru over Bjørnafjorden (Hordfast), er eit motorvegprosjekt som både vil  
89 vera eit enormt naturinngrep med rasering av unik og verneverdig regnskog, og som legg opp  
90 til kraftig trafikkauke inn til Bergen. SV ønskjer i staden å satsa på trafiksikker E39 med gul  
91 midtstripe og gode ferjesamband.

### 92 **SV vil:**

- 93 • prioritera trygge bruksvegar med gul midtstripe framfor store fjordkryssingsprosjekt og
- 94 naturøydeleggjande motorvegprosjekt som fører til trafikkvekst.
- 95 • ha ei kraftig auke i midlar til rassikring, både på riksveg- og fylkesvegnettet.
- 96 • styrkja ferjesambanda på E39 og skrinlegge Hordfast. Vi vil ha miljøvennlege ferjer og
- 97 er open for ei utgreiing av indre trase.
- 98 • skrinleggja fast samband for E39 over Sognefjorden og Nordfjord.
- 99 • byggja ny tunnel gjennom Strynefjellet.
- 100 • ha ny tofeltsringveg aust i Bergen mellom Arna og Nesttun med tofeltstunnel forbi
- 101 Grimesvingane.
- 102 • Endra fordelinga av fylkesvegmidlane slik at dei fylka med det dårlegaste
- 103 fylkesvegnettet får ein større del av løyvingane til fylkesveg.
- 104 • skrinleggja Sunnfast slik prosjektet ligg føre med kopling til Hordfast. Vi vil i staden
- 105 arbeida for eit langt betre rutetilbod med hurtigbåtar i Sunnhordlandsbassenget.
- 106 • prioritera ferjeavløysingsprosjekt som vil gje små lokalsamfunn naudsynte
- 107 vegsamband, til dømes i Ytre Steinsund og Atløysambandet.
- 108 • prioritera trygge bruksvegar framfor brusamband for ferjer som i dag går på straum,
- 109 slik som ny Masfjordbru.
- 110 • at vegar i distriktet skal finansierast over skattesetelen, og at bruken av bompengar
- 111 skal reduserast. I dei tilfella der fylkeskommunen vel å bruka bompengar for å få
- 112 realisert eit prosjekt tidlegare, skal dette ha lokal demokratisk forankring i
- 113 kommunestyret.
- 114 • stimulera til ein kraftigare innsats for miljøvennleg bil- og båtpark. Utvikla, leggja til
- 115 rette for og byggja saman med offentlege og private tilbydarar, fleire ladestasjonar for
- 116 alle typar transportmiddel, elbilar, båt, lastebilar, elsyklar og bussar i heile Vestland.

- 117 • krevja karbonnøytralitet i alle offentlege innkjøp av transport, infrastruktur og tenester,  
118 slik som karbonnøytral kollektivtransport, ferjeandbod, bussandbod, båtanbod og  
119 taxiløyve skal innehalde krav om nullutsleppsteknologi.

## 120 Meir tog – mindre fly

121 Ingen transportmiddel er så energi- og plasseffektivt som tog. Toget kan frakta tonnevis av  
122 gods og mange menneske med minimale utslepp. I Vestland ønskjer SV ei kraftig satsing på  
123 utbygging og modernisering av Bergensbanen, til gode både for godstrafikk og passasjerar.

### 124 SV vil:

- 125 • starta bygginga av ny jernbane og rassikker tofeltsveg mellom Bergen og Voss, etter  
126 det såkalla K5-alternativet. Prosjektet er ein føresetnad for å realisera at  
127 Bergensbanen får ei reisetid på fire timar.
- 128 • starta bygginga av K5 der rasfaren er størst, og redusera planane for Arna-Trengereid  
129 til ein tofeltsveg.
- 130 • ha mykje meir gods over på bane. Det viktigaste er å starta K5-prosjektet, men i tillegg  
131 er det viktig med fleire kryssingsspor og betre økonomiske verkemiddel.
- 132 • jobba mot rullebane II på Flesland.
- 133 • bidra til satsing på elfly på kortbanenettet og utvikla ein strategi for dette.

## 134 Meir buss og bybane

135 Me må utforma byar, tettstader og bygder slik at folk kan leva kortreist, og færrest mogleg blir  
136 avhengige av privatbil. Infrastruktur med bustader og næringsområde må organiserast slik at  
137 flest mogleg kan ta seg fram ved å gå, sykla eller å bruka kollektivtransport.

138 I Bergen er transportsektoren den viktigaste årsaka til utslepp av giftig nitrogenoksid (NO<sub>2</sub>)  
139 og svevestøv<sup>1</sup>. SV vil arbeida for ein sjølvstekt rett for alle til å pusta i frisk luft, og for at  
140 Bergen skal redusera trafikkveksten og bli ein nullutsleppsby. For å nå dette målet må  
141 kollektivnettet byggjast kraftig ut. Bypakkar og byvekstavtalar, som Miljøløftet, er avgjerande  
142 for å få statleg finansiering til bybanen og for ei meir miljø- og klimavennleg utbygging i  
143 Bergensområdet. I ein smal og trong by som Bergen er bompengar heilt naudsynt for å hindra  
144 trafikkaos og trengsle på innfartsårene. Eit miljøvennleg, rettferdig og effektivt  
145 bompengesystem, kombinert med eit godt kollektivtilbod, restriksjonar på parkering og gode  
146 sykkel- og gangveggar, er den einaste vegen for å lukkast med klimamåla i Bergen. I tillegg må  
147 byspreiing hindrast.

148 SV vil gjera det lettare å reisa miljøvennleg i distrikta, gjennom meir sykkel, gonge og betre  
149 kollektivtilbod. Me vil satsa på eit godt og regelmessig buss-, ferje- og båttilbod, og at  
150 klimagassutsleppa frå buss og båt skal kuttast på lik linje med ferjene.

151

152

---

<sup>1</sup> Sjekk denne referansen

153 **SV vil:**

- 154 • byggja bybane mot Åsane så raskt som mogleg, med trase over Bryggen og  
155 sykkelveg langs heile traseen. For å sikra framdrift i utbygginga bør bybanen om  
156 naudsynt byggjast i fleire fasar med første byggetrinn til Sandviken.
- 157 • satsa vidare på utbygging av trolleybuslinjer, gjennom Løvestakktunnelen og vidare  
158 frå Birkelundstoppen og til Paradis
- 159 • jobba for å styrkja finansieringa til kollektivtransporten og sikra minst 80% statleg  
160 finansiering av bybaneprojektet.
- 161 • fortsetja å auka rutetilbodet for buss med fleire avgangar. I neste periode har SV  
162 ambisjon om å auka busstilbodet med 3000 nye avgangar i Bergen.
- 163 • sleppa bussane fram gjennom å etablera kollektivfelt på alle firefelts innfartsårar til  
164 Bergen, fleire kollektivfelt på fylkesvegnettet og signalprioritering der kollektivfelt ikkje  
165 er mogleg. Løvestakktunnelen bør gjerast om til kollektivtunnel.
- 166 • innføra null- og lågutsleppssoner i Bergen sentrum og utsette område i bydelane.
- 167 • at det skal lønna seg å reisa kollektivt. Difor må prisen på kollektivreiser vera lågare  
168 enn prisen for å passera gjennom bomringen i byområda.
- 169 • at bompengainntekter kan brukast til å finansiera drift av kollektivtransport, slik som  
170 auka rutefrekvens og lågare pris.
- 171 • aktivt nytta verkemiddel i bompengesystemet (ev. vegprisingssystemet) til å redusera  
172 trafikken, fordela trafikken utover døgnet og for å gje insentiv til å velja miljøvennleg.
- 173 • aktivt bruka miljø- og tidsdifferensierte avgifter for å redusera trafikken, altså dyrare for  
174 fossilbilar enn elbilar, dyrare i rushet enn elles på døgnet og billegare i grisgrendte  
175 strøk der kollektivtilbodet er dårlegare.
- 176 • gjera det gratis å reisa med kollektivtrafikken for barn opp til 18 år.
- 177 • utvida ungdomskortet ned til 15 og til og med fylte 25 år, og arbeida for å gjera om  
178 ungdomskortet til eit nasjonalt kort som kan brukast på kollektivtransport i heile landet.
- 179 • auka studentrabatten til 50%, fjerna aldersgrensa på studentbilletter og redusera  
180 studentprisen på månadsbilletter ytterlegare.
- 181 • leggja til rette for mikromobilitet gjennom at ulike kollektiv- og reiseprodukt  
182 samarbeider, til dømes at bysykkelordning og buss-, båt- og bybanebillett er  
183 integrerte, og ved å bruka meir delebil.
- 184 • krevja lågare støygrense for vegtrafikk.
- 185 • styrkja ekspressbusstilbodet med hyppigare avgangar. Fylkeskommunen må styre og  
186 ta økonomisk ansvar for tilbodet på strekningane Bergen – Førde – Stryn –  
187 Trondheim, Bergen- Sogndal og Bergen – Leirvik - Haugesund.
- 188 • innføra timesavgangar med faste minuttider på busstruter på strekningar som ligg til  
189 rette for dette, til dømes Leikanger–Sogndal og Førde–Florø.
- 190 • auka satsinga på nærbus i byar og tettstadar.
- 191 • byggja ut fleire tilbod med fleksibel skyss, slik at fleire får eit godt kollektivtilbod  
192 tilpassa behova deira. Dette kan vera fleire "Trygt heim"-avgangar for ungdom, betre  
193 serviceskyss og fleire «Hent Meg»-prosjekt.
- 194 • vidareutvikla «Travel like the locals», der offentleg kollektivtransport i distriktet blir  
195 gjort meir tilgjengeleg for turistar.
- 196 • jobba for at alle kollektivtilbod skal vera universelt utforma.

197

## 198 Sykkel og mjuke trafikantar

199 SV ønskjer ei kraftig satsing på sykkeltrafikk og gonge, i tråd med nasjonale målsettingar.  
200 Milde vintrar og lite snø gjer at Vestland har høve til å bli det fremste sykkelfylket i Noreg,  
201 men då må sykkel prioriterast, både økonomisk og gjennom omdisponering av vegareal til  
202 sykkel.

### 203 SV vil:

- 204 • etablera og vidareutvikla eit samanhengande sykkelvegnett i Bergen og dei største
- 205 byane og tettstadene i fylket. Det skal så langt råd er, vera fysisk skilt frå andre
- 206 trafikantgrupper, slik at eit mangfald av syklistar i alle aldrar opplever det som trygt og
- 207 effektivt.
- 208 • prioritera bygging av gang- og sykkelveg der fylkesveg er skuleveg, slik at flest
- 209 mogleg kan gå eller sykla til skule og fritidsaktivitetar.
- 210 • arbeida for at byvekstavtalen Miljøløftet inneheld ein forpliktande tids- og
- 211 investeringsplan for utbygging av samanhengande sykkelvegnett i Bergensområdet.
- 212 • etablera funksjonell sykkelparkering ved alle viktige kollektiv- og trafikknutepunkt.
- 213 • jobba for betre samordning av drift og vedlikehald på sykkelvegnettet mellom
- 214 kommune, fylke og stat, og meir i driftsmidlar til sykkeltiltak.
- 215 • ha ein bilfri, såkalla «hjartesone» kring alle skular i fylket, og jobba for ein eigen
- 216 trafikksikringsplan med risikovurdering og tiltaksplan for alle skular i Vestland.
- 217 Kommunar som ønskjer å etablera «hjartesone» ved sine grunnskular skal få tilskot til
- 218 det.
- 219 • arbeida for at fylkeskommunale arbeidsplassar blir «sykkelfriendly arbeidsplassar»,
- 220 og at fylkeskommunen fremjar og yter tilskot til kommunar som ønskjer å sertifisera
- 221 kommunale arbeidsplassar.
- 222 • leggja til rette for rullestolbrukarar og personar med rullator ved å bruka vegdekke
- 223 med lett framkome.
- 224 • auka satsinga på sykkelturnisme i dei delane av fylket der dette kan vera aktuelt.
- 225 • at nedlagte (jernbane)trasear og andre aktuelle nedklassifiserte vegar blir utvikla til
- 226 veg for syklande og gåande.
- 227 • ha utbygging av gong- og sykkelveg i alle nye vegprosjekt.

## 228 Sjøtransport

229 Sjøvegen er både eit opplagt og naudsynt alternativ. Han ligg der allereie som ei ferdigbygd,  
230 brei, vedlikehaldsfri, gratis og tilgjengeleg transportåre. Overgang til null- og lågutsleppsferjer  
231 har resultert i enorme klimakutt i Vestland. Det aller viktigaste og enklaste klimatiltaket er  
232 kanskje å satsa vidare på null- og lågutsleppsåtar i kollektivsystemet, både dei lange og  
233 korte rutene.

### 234 SV vil:

- 235 • lysa ut anbod for nye ekspressåtar mellom Bergen-Nordfjord og Bergen-Sogn med
- 236 krav om nullutslepp.
- 237 • sikra at Askøybåten og Nordhordlandsbåten blir elektrifiserte.



- 238 • vidare vurdere moglegheita for og nytteverdien av, eit større hurtigbåtnettverk i
- 239 Bergensregionen.
- 240 • utvikla hurtigbåttilbodet i Sunnhordland og stilla nullutsleppskrav.
- 241 • redusera tal på cruiseanløp, etablera landstraum for skip ved dei mange
- 242 cruisehamnene i fylket og redusera anløp av cruiseskip utan utsleppsfrie motorar.
- 243 • innføra miljødifferensierte avgifter på skipstrafikken, etter prinsippet om at forureinar
- 244 skal betale.
- 245 • styrkja sjøtransporten ved mellom anna å byggja Stad skipstunnel og utgreia nye
- 246 kollektivruter som følgje av det.

247 **DISSENS 1:** Eit mindretal på eitt medlem ønskjer å stryka punktet over.

## 248 Offentleg eigarskap og nei til reklame

249 Vestland SV meiner kollektivsatsinga kan bli endå betre om eigarskap, drift og vedlikehald av

250 kollektivtransporten, inkludert bussar, båtar og bybane, blir organisert som ei eiga

251 fylkeskommunal verksemd. Me kan då unngå anbodssystemet som har medført sentralisering

252 av selskapsstrukturen, utrygge arbeidsplassar og press på lønningar, pensjon og arbeidstid.

253 SV vil sikra at vegutbygginga ligg under folkevald styring og kontroll, og blir gjort i offentleg

254 regi. Me er kritiske til offentleg-privat samarbeid (OPS) ved realisering av samferdsleprosjekt

255 og sameleis med vegselskapet Nye Veier AS.

256 Reklame medverkar til auka forbruk og dårleg sjølvbilete. SV er ein garantist for at

257 kollektivtransporten ikkje skal finansierast med inntekter frå reklamegigantar. Me seier

258 derimot ja til auka satsing på kunstnarleg utsmykking av offentlege reisetterminalar og

259 framkomstmiddel.

### 260 **SV vil:**

- 261 • seia nei til å finansiera kollektivtransporten med reklameinntekter.
- 262 • erstatta anbod i kollektivtrafikken med offentleg drift og eigarskap, inkludert det å jobba for å
- 263 ta drift og vedlikehald av bybanen i eiga fylkeskommunal verksemd

264

## 265 Klimavennleg næringspolitikk

266 Vestland fylke er eit viktig fylke i klimasamanheng, kanskje Noregs viktigaste. Nærleik til

267 havet, kysten, sterke kunnskapsmiljø og bedrifter med stor grad av innovasjon gjer at nettopp

268 dette fylket blir viktig i det grønne skiftet. Maritim sektor, fiskeri og oppdrettsnæring står framfor

269 store utfordringar og SV sitt mål må vera at desse blir gjorte meir berekraftige.

270 SV går inn for at all nærings- og arbeidsplassutvikling i Vestland fylke skal vera i tråd med

271 behovet for grøn omstilling. Samfunnsutviklinga skal vera politisk styrt og ønskt etter ein

272 langsiktig og systematisk plan, i tråd med naturgjevne føresetnadar. Det skal leggjast til rette

273 for gode levevilkår og arbeidsplassar i heile fylket.

274 Me skal byggja nye næringar og sikra sysselsetjinga, kutta klimagassutslepp og sikra  
275 naturmangfaldet, redusera sosiale forskjellar og styrkja velferda. Dette føreset at alle delar av  
276 samfunnet blir involverte. For å omstilla økonomien trengst det store investeringar i nye  
277 næringar, fornybar energi og infrastruktur. Dette skal skje på naturen sine premisser.

278 Svaret på krisene me står i må vera ein heilskapleg og rettferdig plan for klima og industri. Ein  
279 plan med kraftige investeringar vil gje oppdrag til industrien dei næraste åra. Me skal forandra  
280 Noreg til å bli eit føregangslan som trekkjer verda i ei miljø- og klimavenleg retning. SV har  
281 lagt fram ein plan for eit rettferdig grønt skifte og Vestland skal gå føre i dette arbeidet.

282 Ein føresetnad for veldig mange næringar er stabil tilgang til straum til føreseielege prisar.  
283 Kraft- og energipolitikken er difor avgjerande for å lukkast med ein klimavenleg industri- og  
284 næringspolitikk. SV meiner det er behov for politisk styring av kraftpolitikken. Dette gjeld både  
285 kontroll av prisane, kva ein skal nytta straumen til, korleis og kor den blir produsert.

## 286 **Demokratisk og klimavenleg kraftproduksjon**

287 Noreg treng ein ny energipolitikk som styrer produksjon og forbruk til det beste for  
288 fellesskapet, miljøet og som ikkje lèt marknadskreftene styra. Norsk kraftproduksjon skal  
289 komma fellesskapet til gode.

290 Me må redusera energiforbruket vårt og produksjonen av fossil energi. For å kutta fossile  
291 utslepp må me gå gjennom ei omfattande energieffektivisering, samstundes som me må  
292 produsera meir fornybar energi, mellom anna gjennom havvind, solenergi og oppgradering av  
293 vasskraftverk. Ein offensiv klimapolitikk må vera basert på energisparing og -effektivisering.  
294 Me må få ei kraftig opptrapping av ENØK, og stimulera til at vanlege forbrukarar, jordbruket,  
295 offentlege bygg og næringslivet sparer straum og nyttar straumen fornuftig. I tillegg må det  
296 satsast på andre fornybare kjelder som solenergi på vestlandske tak og bioenergi.

297 Vestland er det største kraftproduserande fylket i landet, men denne krafta når ikkje fram til  
298 ny miljøvenleg industri og næringsutvikling i fylket på grunn av nettkapasiteten, men også  
299 fordi straumen blir sendt ut av fylket og til oljeplattformene. Det utfordrar det grøne skiftet.

300 Arealendring er samstundes den største trusselen mot tap av naturmangfald, difor kan ikkje  
301 auka kraftproduksjon medføra endringar som gjer at ein forsterkar naturkrisa i andre enda.  
302 Klima og naturkrisa må sjåast og løysast i samanheng.

### 303 **SV vil:**

- 304 • modernisera gamle vasskraftverk framfor nye vasskraftutbyggingar.
- 305 • at verdiane i allereie utbygde vassdrag må sikrast, og avslå søknadar om  
306 kraftutbygging i verna vassdrag, inkludert småkraftverk i verna vassdrag.
- 307 • gå imot utbygging av småkraftverk, også utanfor verna vassdrag.
- 308 • bidra til å auka løyvingane til flaumsikring av vassdraga på Voss og i Odda,
- 309 • skjerpa krava om minstevassføring og fysiske tiltak for å betra miljøet i dei  
310 regulerte elvane.
- 311 • seia nei til vidare utbygging av vindkraft på land og som botnfaste anlegg nær  
312 kysten.
- 313 • vurderer frå sak til sak, småskala vindkraft på industrialiserte område der det er  
314 lokalt ønske om det.



- 315 • ha ei meir offensiv satsing på primært flytande havvind.
- 316 • ha storskala utnytting av havvind.
- 317 • intensivera utbygging av havvindturbinar og utnytting av solenergi primært for å
- 318 sikra det nasjonale framtidige behovet for rein kraft, samstundes som ein
- 319 intensiverer forskning kring moglege effektar på norske marine økosystem av å
- 320 stilla strengare klima- og miljøkrav i alle offentlege anbod m.a. om nullutslepp.
- 321 • seia nei til å elektrifisera sokkelen med kraft frå land. Elektrifiseringa av sokkelen
- 322 kan berre forsvarast gjennom ein kombinasjon av kraftig auke i CO2-avgifter på
- 323 sokkelen og eit pålegg om at oljenæringa må skaffa straumen sjølv gjennom
- 324 oppbygging av offshore havvind.
- 325 • arbeida for at fornybar energi som tek i bruk våre felles naturressursar, skal
- 326 leggjast under demokratisk eigarskap.
- 327 • arbeida for at sjøkablar blir nytta meir til overføring av kraft og i utbygging av
- 328 kraftnettet i Vestland.
- 329 • at naturvern og energiøkonomisering skal vera førande for gjennomføring av
- 330 regional plan for fornybar energi.
- 331 • sikra ei storstilt satsing på energisparing og -effektivisering i byggsektoren med
- 332 tydelege mål for perioden.
- 333 • at utbygginga av solkraft på vestlandske tak skal aukast kraftig.
- 334 • vera positiv til satsing på grøn hydrogen, slik som i Tyssedal.
- 335 • ta tilbake politisk styring av vår forsyningstryggleik og prissettinga av fornybar
- 336 energi.

337

## 338 **Industri**

339 Fornybar og kortreist kraft er ein føresetnad for at Noreg kan vera ein industrinasjon, og skal  
 340 brukast som eit strategisk fortrinn for å vidareutvikla industri, teknologi og høgproduktive  
 341 arbeidsplassar i Noreg.

342 SV går inn for å kartleggja mineralressursane, stilla strenge miljøkrav, forby sjødeponi og  
 343 satsa på resirkulering og gjenbruk. Det må satsast meir på ny miljøvenleg teknologiutvikling,  
 344 og ikkje minst nytta kunnskapen og kompetansen frå olje- og gassindustrien til å utvikla til  
 345 dømes grønne skips- og samferdslealternativ.

346 Nullutsleppsløysingar i industrien vil gje norsk næringsliv eit konkurransefortrinn og bidra til  
 347 naudsynte utsleppskutt. Difor vil SV både stimulera til omstilling og stilla klare krav.

### 348 **SV vil:**

- 349 • bidra til å gjera prosess- og metallindustrien i fylket verdsleiande for
- 350 klimaløysingar.
- 351 • at industrien må sikrast eit føreseieleg regime for krafttildeling.
- 352 • seia ja til mineralutvinning i Vevring med gruverdrift og full ressursutnytting.
- 353 • seia nei til ope dagbrot og dumping av giftig gruveavfall i Førdefjorden.
- 354 • stilla krav om nullutslepp i nye offentlege anbod som ferjer, hurtigbåtar for å sikra
- 355 verftsindustri og næringa si leiande rolle i det grønne maritime skiftet.
- 356 • sikra støtte til Tizirs prosjekt i Tyssedal for å erstatta kol med karbonfritt hydrogen i
- 357 titanproduksjonen.

- 358 • ha satsing på grøn hydrogen.
- 359 • sikra utgreiing og innføring av karbonfangst (CCS) ved BIR sitt
- 360 avfallsforbrenningsanlegg i Rådalen.
- 361 • støtta karbonfangst- og lagring i Øygarden,
- 362 • sikra støtte til Tizir sitt prosjekt i Tyssedal for å erstatta kol med karbonfritt
- 363 hydrogen i titanproduksjonen.
- 364

## 365 Klima og naturvern

366 Å løysa klimakrisa og stansa nedbygging av natur og dyrka mark er avgjerande for  
 367 livsgrunnlaget på jorda. Rapportane frå Klimapanelet og Naturpanelet må liggja til grunn for  
 368 løysingane. SV vil styrkja innsatsen for å ta vare på truga natur. Me må følgja opp dei  
 369 internasjonale pliktene til Noreg, sikra naturmangfaldet gjennom meir vern, stoppa  
 370 øydelegging av naturen og restaurera natur.

371 Det er ikkje noko anten eller når det kjem til klima eller natur. Det er begge deler. Vår industri-  
 372 og transportutvikling, distriktspolitikken, byutviklinga og energipolitikken må såleis ta omsyn til  
 373 nettopp begge delar. Unike kyst- og fjellandskap og store naturområde i Vestland står i fare  
 374 for å bli raserte av trafikkaukande og naturøydeleggjande motorvegar, vindkraftutbygging på  
 375 land og hyttebygging. Kampen mot desse og for verna vassdrag, er døme på tiltak for å sikra  
 376 naturen og det biologiske mangfaldet. SV seier nei til vindkraft i sårbar og urørt natur. Det er  
 377 behov for strengare og tydelegare arealpolitikk gjennom utarbeiding av arealrekneskap, og  
 378 handheving av nasjonale og regionale mål gjennom eit tydeleg regionalt planverk.

### 379 SV vil:

- 380 • at fylket og kommunane utarbeider oppdaterte klima- og miljøplanar og innfører årlege
- 381 klima- og miljørekneskap knytt til investeringar og drift.
- 382 • oppretta nasjonalpark på Reksteren på Tysnes for å ta i vare regnskogsområdet, og
- 383 seia nei til Hordfast
- 384 • arbeida for nasjonalparkstatus i Bjørn West-fjella i Nordhordland, og seia nei til
- 385 vindkraft på land.
- 386 • arbeida for strengare retningslinjer knytt til hyttebygging for å stansa bygging i
- 387 nærleiken av nasjonalparker, verneområde og viktige naturområde slik at omsyn til
- 388 urørt natur og til villreinen veg tyngre enn i dag, slik som Eidfjord Resort.
- 389 • støtta oppretting av nasjonalparker i Kvammafjella og Fjonfjella.
- 390 • arbeida mot frislepp av motorisert ferdsel i utmark.
- 391 • sikra det biologiske mangfaldet gjennom ein strategi for bevaring av insekt.
- 392 • utvikla ein strategi som i større grad stimulerer til hyttedeling.
- 393 • seia nei til gruvedumping i Førdefjorden.
- 394 • seia nei til installasjonar som truar natur og dyreliv, og som er på tvers av regionale og
- 395 nasjonale mål.
- 396 • seia nei til Hardanger Lift sine planar om ny gondol i Odda.
- 397 • intensivera forskning rundt moglege effektar på norske marine økosystem av storskala
- 398 utnytting av havvind og på kva måte negative effektar kan minimaliserast.
- 399 • vurderer innføring av høg kostpris for inngrep i urørt natur.
- 400 • stoppa plastforsøplingen ved å gjennomføra og styrkja fylket sin plaststrategi.
- 401 • redusera klimafotavtrykket ved å satsa på sirkulære løysingar.

402 •  
403

## 404 Reiseliv

405 Vestland har storslått natur som både lokale innbyggjarar og turistar frå heile verda vel å  
406 komma til for å oppleva.

### 407 SV vil:

- 408 - spela på lag med turist og reiselivsnæringa slik at ein klarer både å ivareta naturen og
- 409 sikra arbeidsplassar.
- 410 - satsa på regionalparkar.
- 411 - satsa meir på fot- og sykkelturisme og ro- og padleturisme
- 412 - sikra allemannsretten gjennom avgrensingar i masseturismen.
- 413 - redusera cruisetrafikken til Vestland.
- 414 - gjera cruisetrafikken meir klimavennleg gjennom at 2026-miljøkrava for
- 415 verdsarvfjordane også skal gjelda for alle cruisedestinasjonane i Vestland.
- 416 - stoppa vidare planlegging av den naturøydeleggjande cruisehamna Kildn på Askøy.

## 417 Landbruk

418 Det må lønna seg å bruka lokale ressursar som beite og utmark. Det må bli betre vilkår for å  
419 dyrka grønnsaker, frukt og bær, og me må stimulera til investering og drift på dei små og  
420 mellomstore bruka. Eit styrkt landbruk er avgjerande for busetting i alle delar av Vestland.

421 Store jordbruksareal går ut av drift, og jordbruket si rolle i distriktsbusettinga minkar. I  
422 Vestland er over 20 prosent av jordbruksarealet ute av drift. Framtidig landbrukspraksis må  
423 byggja jord, vera regenerativt og karbonbindande.

424 Me må produsera ein større del av vår eigen mat, og stoppa nedbygginga av matjorda og  
425 attgroinga av kulturlandskapet. Koronapandemien har lært oss at Noreg må auka graden av  
426 sjølvberging både på mat og anna. SV vil verna eit aktivt og berekraftig landbruk tilpassa  
427 naturen og ressursgrunnlaget i heile landet. Slik kan det norske landbruket vera ei av  
428 drivkreftene i det grønne skiftet. Bøndene må sikrast ei lønn å leva av.

429 Matjorda treng eit sterkare vern for å produsera god, trygg og kortreist mat, forankra i  
430 landskap og naturressursar.

### 431 SV vil:

- 432 • ta i bruk all dyrka jord og nytta utmarksbeite mykje meir. Dette vil gje meir levande
- 433 bygder, matvaretryggleik og auka karbonbindinga i jord.
- 434 • ha stopp i nedbygging av matjord i fylket.
- 435 • auka sjølvforsyningsgraden til 50 % innan fem år.
- 436 • at støttesystemet må byggja opp under produksjon i samsvar med dei naturgitte
- 437 føresetnadane i fylket.
- 438 • arbeida for prioritering av støtte til små og mellomstore bruk.
- 439 • at tilskotsordningane skal gje støtte til areal framfor produksjon.

- 440 • at småskala landbruk, og kortreist og økologisk matproduksjon må sikrast gode
- 441 vilkår.
- 442 • ha betre ordningar for småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær.
- 443 • sikra og utvikla nærproduksjon av grønsaker i tettbygde strøk.
- 444 • ha ei større satsing på utvalde kulturlandskap i jordbruket.
- 445 • arbeida for at småbruk framleis blir heilårsbustader framfor at dei går over til å bli
- 446 feriehus.
- 447 • halda fast på konsesjonsgrensa for å sikra prisregulering på sal av småbruk.
- 448 • at det vestlandske kulturlandskapet må takast i vare gjennom naturleg bruk; slått,
- 449 beiting og vedproduksjon.
- 450 • auka tilskota til økologisk drift i alle produksjonar med mål om 20%.
- 451 • sikra dyrevelferda i landbruket og styrkja Mattilsynet sitt arbeid.
- 452 • ha støtteordningar som stimulerer til investeringar i landbruket for å få ned
- 453 utsleppa.
- 454 • utarbeida ein plan for korleis ein kan redusera klimaavtrykket frå
- 455 vestlandsjordbruket gjennom å utgreia og støtta karbonlagring i jord, slik som på
- 456 Voss.

## 457 Skogbruk

458 SV vil sikra ein berekraftig bruk av skogen. SV vil bruka skogen slik at me tek i vare  
 459 naturmangfaldet, lagrar karbon, bevarer og skaper nye arbeidsplassar og sikrar  
 460 ressurstilgangen for framtida. Vestland har variert kystskog som ved god skjøtsel gjev både  
 461 tømmer, karbonopptak ved ny vekst, og vern for vêr og vind. Støtte til skogsdrift må difor vera  
 462 tilpassa drift av kystskogen, som til dømes rigging av taubanar i staden for utbygging av  
 463 skogsvegar.

### 464 SV vil:

- 466 - at skogbruket må bli meir berekraftig.
- 467 - sikra naturmangfaldet og at det blir teke omsyn til truga natur.
- 468 - vri tilskotsordningane i skogbruket, frå støtte til vegutbygging og uforsvarleg drift, til å
- 469 fremja økologisk forsvarleg skogbruk og skjøtsel gjennom uttynning.
- 470 - avgrensa skogplanting og innføring av nye artar.
- 471 - arbeida for at det blir slutt på systematisk dumping av forureina massar og villfyllingar,
- 472 særskilt i samband med skogsbilvegar.
- 473 - verna 10 % av skogen innan 2030.
- 474 - ha stopp av all flatehogst i gjenlevande naturskog.
- 475 - innføra søknadsplikt for all flatehogst, slik at framtidig hogst kan vurderast etter
- 476 naturmangfaldslova sitt kapittel II om biologiske verneverdiar.

477

## 478 Havbruk, fiske og oppdrett

479 Viltlevande ressursar i sjøen høyrer til folket og skal komma lokalsamfunna langs kysten til  
 480 gode. Fjordfiskebestandane må bli forvalta betre, og det må komma eit utviklingsprogram for

481 kystfiskeflåten. SV støttar regjeringa sitt framlegg om grunnrenteskatt på dei største  
482 oppdrettsanlegga, og me føreslår at ei liknande ordning blir innført for dei største fiskeria.

483 Oppdrettsnæringa sitt økologiske fotavtrykk er svært stort. Trafikklyssystemet skal styra  
484 produksjonen av oppdrettsfisk i Norge. Raudt tyder at produksjonen må ned, grønt betyr at  
485 han kan aukast, medan gult ikkje medfører noka endring. Det som fastset fargen, er i kor stor  
486 grad lakselusa påverkar villaksen negativt i området. Så og seia heile Vestland er i raud sone,  
487 det fortel alt om kor alvorleg situasjonen i fylket vårt er. SV meiner difor at produksjonen må  
488 ned.

489 Diverre er fiskedaude i oppdrettsanlegga våre eit stort problem. 130 millionar fisk døydde i  
490 havbruket utan å bli korrekt avlive. Ingen veit den eksakt årsaka, men sjukdom,  
491 lusebehandling og mekanisk skade er nokre av faktorane.

492 Det er heilt avgjerande å få akvakulturfeltet tilbake under politisk styring.

493 **SV vil:**

- 494 • utvida og styrkja kystfiskekvoten.
- 495 • skjerpa krav til fartøystorleik som blir gjeve tilgang til fiske innanfor fjordlinjene.
- 496 • erstatta dagens konsesjonssystem med eit system der nærleik til ressurs og  
497 kompetanse avgjer tilgang på rettar.
- 498 • seia nei til oppdrettsanlegg i nasjonale laksefjordar.
- 499 • at nye oppdrettskonsesjonar berre skal gjevast til nullutsleppsanlegg.
- 500 • krevja at all fiskeoppdrett skal skje i lukka anlegg innan 2025, der også unytta før  
501 og avføring blir samla og distribuert til vidare utnytting eller foredling.
- 502 • stoppa bruk av urørt kystlinje til landbasert fiskeoppdrett.
- 503 • krevja redusert fiskedaude og innføra eit maksimalt tak på fiskedaud i  
504 oppdrettsanlegg.
- 505 • stilla strengare krav til avlusing.
- 506 • innføra dyrevelferd som indikator i trafikklysordninga.
- 507 • ta attende akvakulturfeltet under fylkeskommunal politisk styring.

508

## 509 Opplæring, kompetanse og danning

510 Norsk skule har vore i ei støypeskei av politiske endringar og reformer i lang tid, og tida me er  
511 inne i no er ikkje noko unntak. Nye læreplanar under den såkalla fagfornyinga er i ferd med å  
512 innførast, kor innhald og undervisningsmåtar blir påverka. Djupnelæring føre overflatelæring  
513 skal stå i fokus og dei tverrfaglege tema demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling,  
514 og livsmeistring har blitt innførte. Det er vedteke ei fullføringsreform med mål om å få fleire til  
515 å fullføra vidaregåande og gå ut i arbeid, eller til vidare studium. SV legg eit breitt kunnskap-  
516 og læringssyn til grunn, og ser på læring som noko som skjer heile livet.

517 I tillegg til mange positive betringar i norsk skule, er det også viktig å halda eit kritisk blikk på  
518 somme utviklingar. I nyare tid har ei meir marknadsøkonomisk tenking rundt oppfostring blitt  
519 gjeldande. Dette fører til at skulepolitiske prioriteringar i større grad vektlegg det som kan  
520 teljast, målast og kva som lønner seg, føre andre menneskelege omsyn. Fleire undersøkingar

521 syner at born og unge slit med psykiske helseplagar, negativt skulestress og manglande  
522 skulemeistring.

523 Medmenneskelegheit, rettferd, tryggleik, likskap, kreativitet, inspirasjon, identitet, toleranse,  
524 medforståing, samhandling og samhald er område som er vanskelege å prioritera om alt ein  
525 verdsett er karakterar. Det norske utdanningssystemet skal evna å utdanna god framtidig  
526 arbeidskraft til det beste for både samfunn og mennesket sjølv, og gjere det på ein måte som  
527 sikrar ein føresetnadar for å leva eit godt liv. SV ønskjer at eit heilskapleg danningfokus skal  
528 leggjast til grunn for utdanningstilbod i fylket. Idear om prestasjonar, effektivitet og  
529 konkurranse må bli møtt med idear som like moglegheiter for alle og høve til sjølvstendig  
530 vekst på eigne premissar. Elevar må få tid, rom og tilpassingar til å utvikla seg sjølve og sine  
531 eigne vegval, med hjelp av trygg og god rettleiing av lærarar, rettleiarar og andre tilsette. Dei  
532 tilsette må på si side også få tid og handlingsrom til å prioritera nettopp dette.

### 533 **Fleire skal fullføre vidaregåande**

534 Vidaregåande skule skal byggjast på prinsippet om like høve til god utdanning og tilpassa  
535 tilbod for alle sine utviklingsbehov. Gjennom temaplanen «Fornye og Forbetre – Auka  
536 gjennomføring» for vidaregåande opplæring fram til 2025, har ein sett som mål at elevar og  
537 lærlingar skal ha det beste opplæringstilbodet, og at endå fleire skal fullføra vidaregåande  
538 opplæring. Det blir lagt stor vekt på at trivsel, læring og meistring i eit inkluderande miljø er  
539 det viktigaste for å få det til. Vidare er det eit mål å få til eit godt samansett lag som skal  
540 utvikla elevar, lærlingar og skulen. I praksis vil det seia dyktig leiing, kompetente og  
541 engasjerte tilsette og gode relasjonar i skulesystemet.

542 Vidaregåande opplæring skal ha god samanheng med grunnskule og skal vera heilskapleg  
543 fram til arbeidsliv eller høgare utdanning. Vestland har hatt ei gledeleg utvikling i talet på  
544 elevar som vel yrkesfag. Det forpliktar. Den vidaregåande skulen skal vera ein viktig  
545 utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv. Det vil seia at skulen skal  
546 vera ein viktig regional utviklingsaktør i lokalsamfunnet der den er, gjennom samarbeid med  
547 lokalt næringsliv og kulturliv. SV vil leggja temaplanen til grunn for utviklinga av den  
548 vidaregåande skulen i Vestland i neste periode.

### 549 **SV vil:**

- 550 • arbeida for at alle elevar som flyttar heimanfrå for skulegang er sikra trygge og billege
- 551 butilhøve anten gjennom hyblar eller internat. Dette omfattar også å sikra at elevar har
- 552 råd til dette, uavhengig av økonomisk bakgrunn.
- 553 • sikra og styrkja miljøkoordinatorane.
- 554 • betra tilbodet til elevar som går på vidaregåande skule og som samstundes er
- 555 brukarar av psykisk helsevern i spesialisthelsetenesta.
- 556 • sikra alle elevar ei god skulehelseteneste gjennom tilstrekkelege ressursar til
- 557 helsesjukepleiarar, og prioritera miljøarbeidarar i arbeidet for eit godt skulemiljø.
- 558 • sikra alle elevar kvalifiserte lærarar i alle fag.
- 559 • innføra ei kontaktlærarnorm i den vidaregåande skulen.
- 560 • gjennomføra ei reell tillitsreform kor lærarar og andre tilsette i skulen får meir tid,
- 561 ressursar og profesjonelt handlingsrom til å arbeida heilskapleg med elevane si
- 562 danning.



- 563 • stilla krav til lærarkompetanse for dei som skal gje opplæring for elevar med rett til
- 564 særskilt tilrettelagt opplæring/spesialundervisning.
- 565 • sikra god fagleg støtte til dei som treng ekstra ressursar i den vidaregåande skulen.
- 566 • styrkja læringa med bruk av fleire fleksible og relevante læringsarenaer.
- 567 • sikra vurderingspraksisar som fremjar læring og utvikling, og ikkje konkurranse.
- 568 • sikra at nynorsk skal vera offisielt språk i fylket.
- 569 • at læremiddel, kontorstøtteprogram og læringsressursar skal vera tilgjengeleg på
- 570 begge målformer til same tid.
- 571 • at alle tilsette i fylkeskommunen skal få tilbod om kurs i godt språk i begge dei norske
- 572 skriftspråka.
- 573 • ha mange nok gode rettleiarar som kan støtta og rådgje elevmassen både undervegs i
- 574 gjennomføringa av vidaregåande skule, og i valet av vegen vidare.
- 575 • ha pilotprosjekt med mentorordningar i den vidaregåande skule kor vidarekomne
- 576 elevar kan støtta og rettleia nye elevar, til dømes i samarbeid med rettleiingstenesta.
- 577 • sørgja for at eit heilskapleg berekraftsfokus blir del av læreplanar i vidaregåande
- 578 skule.
- 579 • styrkja ordninga med gratis frukost ved alle vidaregåande skular.
- 580 • sikra fleire naudsynte lærlingplassar i fylkeskommunal regi.
- 581 • auka delen som fullfører yrkesfagleg utdanning og gje alle som startar på yrkesfag rett
- 582 til ein læreplass.
- 583 • auka lærlingtilskotet. SV ønskjer ein gjennomgang av reglane for merkeordninga
- 584 «godkjend» lærebedrift og auka seriositetskrava til ordninga. Rettleiarar i lærebedrifta
- 585 må ha kompetansen som er naudsynt.
- 586 • ha krav til lærlingplassar som del av dei generelle seriositetsreglane for innkjøp i
- 587 Vestland fylke.
- 588 • sikra kvaliteten i fagopplæringa og vedlikehalde eit sterkt fagleg nivå på fagbrev.
- 589 • gjera det enklare å byta frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram.
- 590 • evaluera ordninga med opplæringskontor og utvikla desse for å sikra ei betre
- 591 oppfølging av lærlingar og lærebedrifter.
- 592 • at alle elevar som startar på eit yrkesfagløy skal vera sikra læreplass.
- 593 • styrkja yrkesopplæringsnemda fordi elev- og lærlingplassar må fastsettast etter behov.
- 594 • arbeida for auka tilskot til verksemder som etablerer fleire lærlingplassar og
- 595 praksisplassar, samt arbeida for at så mange skular som mogleg inngår
- 596 praksissamarbeid med høgskular og universitet. Dette er viktig for framtidig
- 597 arbeidskraft.
- 598 • sørgja for at fullføringsreforma blir gjennomført i sin heilskap.
- 599 • sikra at verktøy og utstyr som er avgjerande for undervisninga blir gratis for alle
- 600 elevar. Dette gjeld ordinære arbeidsverktøy som skrivesaker, så vel som utstyr, elev-
- 601 PC og verktøy til meir spesialiserte utdanningar.
- 602 • sørgja for at læreplanreformene knytt til tverrfaglegheit og fordjuping blir arbeid
- 603 vidare med, og at praksis i vidaregåande blir nytta meir aktivt som eit verktøy.
- 604 • sikra at flyktingar og minoritetsspråklege i vidaregåande skulealder får eit godt og
- 605 tilpassa opplæringstilbod med mål om å leggja til rette for vidare veg i det norske
- 606 utdanningssystemet.
- 607 • sikra at flyktingar som treng det får naudsynt fysisk og psykisk helsehjelp til å klara
- 608 seg godt, og slik at dei får ein trygg skulegang.

- 609 • sikra at gratis prevensjon og hygieneprodukt blir gjort tilgjengelege på skulane.
- 610 • arbeida for at kvar skule har ein handlingsplan mot rasisme.
- 611 • at alle vidaregåande skular skal vera universelt utforma.
- 612 • setja i verk tiltak for å motverka kjønnsstradisjonelle og kjønnsdelte utdanningsval i
- 613 utdanningsløpet.

## 614 **Desentralisert og offentleg – ikkje privat og sentralisert**

615 Den vidaregåande skulen i Vestland står ved eit vegval, skal ein jobbe vidare for å få det  
616 beste opplæringstilbodet i heile Vestland eller skal ein svekkja den offentlege desentraliserte  
617 skulen gjennom auka privatisering og marknadsretting av skulen. Bergen er saman med Oslo  
618 den byen i Noreg som har flest private kommersielle vidaregåande skular. Desse tappar den  
619 offentlege desentraliserte skulen for over 100 millionar årleg i offentlege tilskot. Private  
620 vidaregåande skular kombinert med marknadsbaserte reine karakterbaserte opptak er  
621 oppskrifta på nedlegging av distriktskular. Ideen om storbyen sin fortreftelegheit gjer at unge  
622 flyttar frå distrikta til Bergen for å gå på skule, og det undergrev tilbodet i resten av fylket.  
623 Elevar med dei beste karakterane frå resten av fylket tek samstundes opp plassar som elles  
624 ville gått til elevar i Bergensområdet. Elevar med dei dårlegaste karakterane blir då tilbydde  
625 plassar ute i distrikte som dei ikkje har høve til å nytta seg av, og ein får fleire som ikkje  
626 fullfører vidaregåande skule.

627 Ei vidare følgje av privatisering og karakterbaserte opptak er ein sorteringsskule kor elevar  
628 blir skilde frå kvarandre basert på karakterar og kor vidt dei har høve til å betala skulepengar.  
629 Dette er korkje sosialt eller pedagogisk ønskjeleg. Karakterar er ikkje først og fremst eit  
630 resultat av kor mykje du jobbar, men eit resultat av kva utdanning og ressursar foreldra dine  
631 har. Eit marknadsbasert og reint karakterbasert opptak forsterkar difor eit usunt prestasjon-  
632 og kvalifikasjonspress og påverkar elevar si mentale helse negativt. Derfor er SV kritisk til  
633 reine karakterbaserte opptak.

### 634 **SV vil:**

- 635
- 636 • sikra eit desentralisert og godt offentleg vidaregåande skuletilbod.

637 **DISSENS 2:** Eit mindretal på to medlemmar vil erstatta punktet over med følgjande tekst:

638 - arbeida for ein mest mogleg offentleg desentralisert skulestruktur, både for å styrkja  
639 lokalsamfunna og sikra at så mange ungdommar som råd ikkje blir tvinga til å flytta på hybel.

- 640 • styrkja økonomien til den vidaregåande skulen, slik at me klarar å ta i vare den
- 641 strukturen me har og gje eit best mogleg og variert tilbod ved alle skulane.
- 642 • gjera det mogleg å ha ein lågare oppfyltingsgrad ved dei mindre skulane for å
- 643 oppretthalda tilbod og skular.
- 644 • ha rammefinansiering og seia nei til stykkprisfinansiering i vidaregåande skule.
- 645 • styrkja den offentlege skulen og seia nei til fleire private vidaregåande skular,
- 646 studieplassar og fagtilbod.
- 647 • tilby og oppretthalda meir spesifikke profiltilbod i den offentlege skulen i tillegg til dei
- 648 større breiddetilboda.
- 649 • vidareutvikla nærskulemodell til også å gjelde for Bergen og Bergensområdet. Også
- 650 elevar som bur i Bergen bør ha fortrinn til å gå på ein skule i nærleiken av der dei bur.

- 651 • fortsetja å pussa opp og byggja nye vidaregåande skular.  
652

## 653 Fagskule

654 Fagskular er eit viktig nivå i det norske utdanningssystemet, og har i nyare tid blitt satsa meir  
655 på. Fagskulen tilbyr høg og relevant yrkesfagleg kompetanse, særleg i nærregionar slik som  
656 Vestland fylke. Dimensjoneringa av desse opplæringstilboda har vakse raskt, men framleis  
657 rapporterer arbeidsgjevarar rundt om i Noreg om behov for kompetanse på dette  
658 utdanningsnivået. Utdanningane skal tilby høg og relevant kompetanse til nærings- og  
659 arbeidsliv, og er difor avhengige av tette koplingar med aktørar dei siktar utdanningstilboda  
660 mot. I fagskuleutdanningane er det behov for tett kopling med næringslivet for å sikra at  
661 utdanningane er relevante. Fylkeskommunen finansierer deler av tilbodet, men SV meiner at  
662 den samla finansieringa av fagskulane må bli meir føreseieleg. SV meiner at fagskulegang,  
663 som all utdanning, skal vera gratis for den einskilde.

### 664 SV vil:

- 665 • arbeida for at fylkeskommunen har tilstrekkelege, stabile og føreseielege  
666 finansieringar for fagskular slik at dei kan driftast godt.
- 667 • at prinsippet om gratis og lik tilgang til utdanning for alle også skal gjelda fagskulane.
- 668 • arbeida for at fagskulane tilbyr direkte relevante opplæringstilbod for næringane i  
669 regionen, og sørgja for rekruttering til desse tilboda.
- 670 • sørgja for vidareutvikling av fagskuletilbodet på generelt grunnlag og for at desse skal  
671 få tilstrekkeleg finansiering.
- 672 • sikra at fylkeskommunen bidreg i koordineringa av det regionale fagskuletilbodet.

## 673 Vaksenopplæring

674 Arbeidslivet, som samfunnet elles, er i konstant endring. Særleg i nyare tid har me sett korleis  
675 det naudsynte grøne skiftet, pandemi, krig og folkeflytting i Europa forårsakar endringar i  
676 arbeid og kompetansebehov i Noreg. Dette stiller krav til at fylkeskommunen tilpassar sine  
677 tilbod for flyktningar og innvandrarar, vaksne og eldre, og ikkje berre dei yngre som følgjer eit  
678 vanleg utdanningsløp. Eit godt utforma system for vidare utdanning og omskulering er også  
679 eit teikn på eit godt samfunn som evnar å prioritera korleis menneske trivst i yrka sine.

### 680 SV vil:

- 681 • sikra at alle vaksne som ikkje er i arbeid er sikra gratis opplæringstilbod som anten er  
682 kvalifiserer til arbeid eller studium. Opplæringstilboda skal så langt det let seg gjera  
683 tilpassast den einskilde sine eigeninteresser.
- 684 • sikra gode omskuleringstilbod for vaksne i næringar som er særleg utsette for endring,  
685 og arbeida for gode informasjonsordningar for dette.
- 686 • gjera gode etter- og vidareutdanningstilbod tilgjengelege for yrkesaktive som ønskjer  
687 utvikling. Dette kan skje gjennom fagskulesektor, høgare utdanning eller annan  
688 kursing.
- 689 • styrkja opplæringa av flyktningar og innvandrarar.

690

## 691 Kultur for alle

692 Alle, uavhengig av økonomisk, sosial, kulturell eller etnisk bakgrunn og alder, skal få  
693 moglegheit til å delta i, skapa og oppleva kunst og kulturuttrykk, uavhengig av kor i fylket ein  
694 er busett. Folk sin økonomi eller helse skal ikkje vera eit hinder for å ta del i kulturlivet, anten  
695 det er som utøvar eller tilskodar.

696 Kulturlivet skal vera uavhengig av politiske strøymingar som kan endra seg med valperiodar.  
697 Profesjonelle aktørar som skaper, utviklar og formidlar kunst og kultur, må sikrast føreseieleg  
698 drift, gjennom faste og trygge budsjetttrammer.

699 SV vil at kulturminna, kulturminneforvaltinga og musea skal styrkjast i tida framover.  
700 Kulturminna er ein del av vår felles hukommelse. Dei er ein ikkje-fornybar ressurs, og må  
701 takast vare på. Musea er viktige samfunnsinstitusjonar som både tek vare på, forvaltar,  
702 forskar på og formidlar våre felles kulturminne. Difor meiner SV at museums- og  
703 kulturminnepolitikken må vera sentral, tydeleg og utviklande til det beste for samfunnet og dei  
704 tilsette i musea og forvaltinga.

705  
706 Miljøvern og kulturminnevern heng ofte saman. I mange samanhengar er det endra arealbruk  
707 som er ein av dei viktigaste faktorane bak tap av kulturminne. Jamfør Hordfast, eit  
708 gigantprosjekt som vil føra til gigantiske tap av natur og landskap. Det er difor ein høg  
709 klimaverdi i ein offensiv og proaktiv kulturminnepolitikk.

## 710 Kulturløft og tilgjengelegheit

711 SV vil ha eit kulturløft, med eit særleg løft for musea, styrking av kulturminneforvaltinga,  
712 visningsarenaene for kunstnarar, og for å auke kunstnarløna og vederlaga. Kulturløftet skal  
713 òg bidra til å styrkja og byggja ut fleire bibliotek ved alle dei vidaregåande skulane i fylket.  
714 Med eit kulturløft skal det satsast på å byggja, rehabilitera og pussa opp fylkeskommunale  
715 kulturhus, kulturinstitusjonar og andre viktige møtestader for kunst og kultur. SV vil arbeida for  
716 at fylkeskommunen prioriterer eit slikt løft.

717 Kultur og kunst er ein viktig bidragsytar som næring og sysselsetjar, og blir skapt og utvikla av  
718 både profesjonelle, amatørar og det deltakande publikummet. SV meiner det er viktig at alle  
719 skal kunna delta i dette. Difor er det viktig med ein aktiv fylkeskommunal kulturpolitikk som  
720 gjer det mogleg og let kulturlivet bløma på alle nivå. I lys av dette er det viktig at dei estetiske  
721 faga, som musikk, dans og drama ikkje forsvinn ved dei vidaregåande skulane.

722 SV ønskjer å jobba for at kultur- og festivalopplevingar skal vere meir tilgjengeleg for  
723 menneske med nedsett funksjonsevne. Alle kulturarrangement skal ha ein følgeordning som  
724 er gratis og synleg på arrangementet si heimeside. Konsertar må vera tilgjengelege for alle,  
725 og tryggleik og praktiske ordningar rundt arrangementa må ikkje gå utover personar med  
726 nedsett funksjonsevne. Personar med nedsett funksjonsevne må få plassar med godt tilkome  
727 og god utsikt. Dei må få sitja med vennar og eventuelle assistentar.  
728 Tilsvarande bør idrettsanlegg vera universelt utforma.

729

730

731 **SV vil:**

- 732 • ha eit kulturløft, med eit særleg løft for musea, styrking av kulturminneforvaltinga,
- 733 visningsarenaene for kunstnarar, og for å auka kunstnarløna og vederlaga.
- 734 • sikra tilgjengelegheit for menneske med nedsett funksjonsevne gjennom ein eigen
- 735 søkbar pott for kultur- og idrettsarrangement som legg til rette for universell utforming,
- 736 inkludert teiknspråktolking og tiltak for inkludering av menneske med
- 737 høyrselshemming.
- 738 • at kulturlivet skal ha ei fri rolle og vera ein aktuell og relevant debattskapar på eigne
- 739 premiss.
- 740 • styrkja fylkeskommunen sine tilskotspostar innan kultur, slik at kunstnarar, musikarar,
- 741 filmskaparar, musea og andre profesjonelle kulturaktørar blir sikra føreseieleg drift.
- 742

743 **Solid kulturminnepolitikk**

744 Kulturminna spelar ei viktig rolle i transformasjon- og fortettingsprosessar, og blir ofte ofra til  
 745 fordel for profittbaserte nybygg og utviklingsomsyn. Kommunane er i dag reguleringsmynde,  
 746 men for å sikra vern av kulturminna og kulturmiljøa, må kommunane bli ein sterkare  
 747 reguleringsaktør og bustadbyggjar. I dag er det for det meste private detaljreguleringsplanar,  
 748 og det forringar kulturmiljøa som blir skal takast i vare. SV meiner at det må utviklast ein  
 749 eigen politikk for vern av kulturminna i transformasjon- og fortettingsprosessar.

750

751 **SV vil:**

- 752
- 753 • arbeida for at alle kommunar blir styrkja i arealplanlegginga si.
- 754 • at kommunane sjølve må gjerast i stand til å detaljregulera meir og innlemma
- 755 kulturmiljøa som reiskap til stadutvikling og skapa offentlege rom i reguleringsarbeidet.
- 756 • styrkja bygningsvernet i heile fylket ved at musea og kulturminneforvaltinga får auka
- 757 midlar til å auka kompetansen innan bygningsvern.
- 758 • ha ein aktiv og tydeleg politikk for å sikra at skifertak, originale vindaugo og dører,
- 759 ikkje forsvinn frå private hus og offentlege bygningar.
- 760 • arbeida for ei styrking av støtteordningane til restaurering av private hus som er freda
- 761 og har ein verneverdi.
- 762 • at alle kommunar i fylket får ein kulturminneplan mellom anna for å sikra at
- 763 kulturmiljøa som blir identifiserte i kulturminneplanar, kjem inn i omsynssonar i
- 764 overordna kommunale arealplanar, og at desse blir innarbeidde i detaljplanane og
- 765 ressursane til kommunane.
- 766 • at kulturminnevernet i kommunane må styrkjast med oppretting av fleire stillingar som
- 767 kulturminnerådgjevarar.
- 768 • auka storleiken på tilskota til å setja i stand kulturminne som blir tildelt frå fylke til
- 769 kommunar, og som kjem frå Kulturminnefondet. Kommunane må òg kunne nytta seg
- 770 av desse midlane til å kjøpa, setja i stand eller å regulera verneverdige bygg og miljø.
- 771 • at nye kulturbygg bør etablerast i allereie eksisterande bygg. Så langt det let seg gjera
- 772 bør det gjenbruk og tilpassing av eigen bygningsmasse prioriterast føre riving og
- 773 nybygg.
- 774 • auka samarbeidet mellom byantikvarar og kulturminneforvaltinga i fylket.

- 775 • styrkja fylkeskommunen sin kapasitet til å rettleia kommunane i spørsmål om  
776 kulturmiljø.

## 777 **Progressiv museumspolitik**

778 I dag er det eit auka krav til musea om å auka eigeninnteninga. Offentlege tilskot til drift og  
779 utvikling frå kommunar, fylke og stat, blir stadig lågare, og pris- og lønnsauke i samfunnet blir  
780 ikkje kompensert. Lønnsbudsjetta til musea i Vestland blir difor svært høg for dei fleste. Ikkje  
781 fordi tilsette i musea i Vestland er lønnsvinnarar, men fordi midlane musea har, i mindre grad  
782 rekk til drift og utvikling, til dømes til å dekkja skyhøge straumutgifter. Musea kan ikkje driftast  
783 utan fagleg tilsette som driv vedlikehald og restaurering av bygg og kulturmiljø, forvaltar og  
784 vernar samlingar, forskar på og formidlar kunnskap til barnehagar, skular, vaksne og turistar.  
785 Når det i denne situasjonen kjem pålegg til musea om å auka eigeninnteninga, fryktar SV at  
786 kvaliteten ved musea blir skadelidande. SV ønskjer at musea skal ha høg kompetanse på  
787 bygningsvern, nok handverkarstillingar til å ta vare på unike kulturminne og bygningar,  
788 fagpersonar som forskar og utviklar ny kunnskap, gode magasinforhold til samlingar og  
789 gjenstandar, og som har danning og kunnskapsformidling som mål. SV meiner det er eit gode  
790 at eigeninnteninga til musea kan tilførast budsjetta, men det må ikkje gå utover musea sitt  
791 samfunnsoppdrag.

792 SV er vidare uroa over den omfattande skeivfordelinga i museumssektoren i dag. Særleg  
793 gjeld dette for storbyen Bergen, og SV vil arbeida for at det blir endra.

### 794 **SV vil:**

- 795 • at fylket, i samarbeid med staten, skal arbeida for ein plan for gratis museum for alle.  
796 Staten må gje musea kompensasjon for tapte billettinntekter grunna til dømes  
797 pandemi eller tilsvarande.
- 798 • styrkja dei profesjonelle musea med nye faste og heile stillingar innan forskning og til  
799 handverkarar med bygningsvernkompetanse.
- 800
- 801 • at fylket og staten lagar ein straumpakke for musea i Vestland.
- 802 • arbeida for at staten trappar opp den statlege finansieringa til dei regionale musea  
803 med samlingar av unik regional og nasjonal verdi. SV meiner at staten skal finansiera  
804 alle dei profesjonelle musea med 60 % fast driftsstøtte.
- 805
- 806 • styrkja musea sine fagfelt innan kunst, teknisk og industrielle kulturminne, fartøy,  
807 immateriell kulturarv, kulturlandskap, krigsminne og kystkultur, og styrkja tema som  
808 arbeidarkultur, sosialhistorie, kvinnehistorie og dei undertrykte si historie.
- 809
- 810 • sikra vernearbeidet og magasinforholda ved dei profesjonelle musea ved å styrkja  
811 tenesta ved Museumssenteret i Hordaland (MUHO).
- 812
- 813 • Magasinet i Sogn og Fjordane må sikrast og vidareutviklast.
- 814



- 815
- auka potten til Museumsloftet og Kulturelt utviklingsprogram (KUP) for å styrkja prosjekttilskota og stimulere til samarbeid på tvers at dei konsoliderte musea.
- 816
- 817
- 818
- arbeida for ei vidare konsolidering av musea i og rundt Bergen, og styrkja musea innan forskning, samlingsforvalting, formidling og bygningsvern.
- 819
- 820
- 821
- 822
- evaluera museumsstrukturen utanfor Bergen. SV vil undersøkja om dagens struktur skal endrast og om det skal etablerast nye konsolideringar basert på tematikk eller på andre faglege grunnlag.
- 823
- 824
- 825

826 **DISSENS 3:** Eit mindretal på ein ønskjer å stryke punktet i linje 817 og linje 821 og erstatte

827 med

- 828
- arbeida for ein desentralisert museumsstruktur i heile Vestland fylke basert på eit utstrakt samarbeid mellom profesjonelle og frivillige. Musea skal byggja aktiviteten sin på forskning og forvalting av kultur og historie innanfor sin region og sine tematikkar, men ikkje på auka spesialisering innanfor sektoren.
- 829
- 830
- 831
- 832
- 833

834 **DISSENS 4:** Eit mindretal på ein ønskjer å stryke punktet i linje 821 og erstatta med punktet

835 over

- 836
- at dei konsoliderte musea og Vestland fylkeskommune skal samarbeida betre. Vestland fylkeskommune bør styrkjast for å bidra til ein meir heilskapleg museumspolitikkk i fylket.
- 837
- 838
- 839
- styrkja skuletenesta ved musea, og sikra at alle barn og unge (20 år) får gratis inngang på musea. Alle med gyldig studentbevis bør òg komme gratis inn på musea.
- 840
- 841
- 842
- 843
- leggja til rette for ein fylkeskommunal tilskotspost og breiare rettleiingstenester for frivillige lag og samlinga, og gjennomgå omfanget av frivillige samlingar (bygg og samlingar) som blir forvalta av profesjonelle museum.
- 844
- 845
- 846
- 847

## 848 **Musikk, film, scenekunst og festivalar**

849 Musikk og film er ein kulturform som har ein stor gjennomslagskraft til å skapa kunst og

850 formidla historie, og som bidreg til danning og læring. Å formidla kunnskap gjennom film og

851 foto, ser SV på som ein viktig kunst- og kulturarena som vi vil arbeida for å styrkja.

852 **SV vil:**

- 853
- ha ein eigen pott til å styrkja, byggja og oppretthalda nisjefestivalar innanfor litteratur, musikk, film, teater og dans.
- 854
- 855
- sikra og utvikla nynorsk scenekunst gjennom eigarskap i Det vestnorske teateret i Bergen og Vestland Teater i Førde.
- 856
- 857
- 858

- 859 • auka støtta til bokbyen i Fjærland.
- 860
- 861 • at filmbransjen skal ha konkrete tiltak som skal bidra til auka mangfald og
- 862 representasjon i norsk film- og spelbransje, og kartleggja underrepresenterte grupper i
- 863 søknads- og tilskotsrundane.
- 864
- 865 • at Vestland fylkeskommune, som er eigar av Vestnorsk filmsenter, skal sørgja for at
- 866 senteret kan ta på seg framtidige oppgåver og byggja ein sterkare filmbransje på
- 867 Vestlandet.
- 868
- 869 • arbeida for fleire faste tilsettingar i filmbransjen og at det blir faste arbeidsforhold for
- 870 frilansarar og sjølvstendige.
- 871
- 872 • samarbeida med institusjonane og kunstnarane om fleire trygge og faste tilsettingar.
- 873
- 874 • arbeida for å auka støtta til Vestnorsk filmsenter som er viktig for filmformidling og
- 875 regional filmpolitikk for Vestlandet.
- 876
- 877 • auka støtta til Cinemateket og filmklubbane.
- 878
- 879 • styrkja BAKOM som er ein viktig møtestad for unge mellom 16 og 30 år som vil laga
- 880 film eller utvikla spel.
- 881
- 882 • støtta lokale initiativ for å skaffa, setja i stand, driva og bruka eigna lokale for øving,
- 883 utføring og framføring av ulike kulturelle aktivitetar, slik at det blir lagt til rette for
- 884 kulturutvikling i nærmiljøa.
- 885
- 886 • utvida og styrkja ordninga med fylkesmusikarar.
- 887

## 888 Tannhelse

889 I dag guarar mange seg til å gå til tannlegen, ikkje berre av frykt for hol i tennene, men også av  
890 frykt for utgiftene. SV sitt mål er at det ikkje skal kosta meir å gå til tannlegen enn å gå til  
891 legen. Det er behov for å tetta holet i velferdsstaten og utvida velferda med ei  
892 tannhelsereform som skal sørgja for at fleire kan få behandling i offentleg regi, og at  
893 tannhelse blir ein del av folketrygda. Den offentlege tannhelsetenesta er i dag i  
894 fylkeskommunen og SV sitt mål er at tannhelse er den neste store reforma for  
895 fylkeskommunen.

## 896 Styrkja kapasiteten i tannhelsetenesta

897 SV har høge ambisjonar for den offentlege tannhelsetenesta, vel vitande om at ho både har  
898 kapasitetsutfordringar og rekrutteringsutfordringar som må løysast. SV meiner det er behov  
899 for tiltak knytt til rekruttering, utstyr og areal for å kunna utvida tilbodet til fleire grupper i den  
900 offentlege tannhelsetenesta.

901 Ei skattefinansiert tannhelsereform må innrettast på ein slik måte at offentlege midlar blir  
902 nytta til å styrkja eit desentralisert, tilgjengeleg og offentleg tannhelsetilbod for alle  
903 innbyggjarar i fylket, og ikkje til å subsidiere dei private tannhelsetilbydarane i og rundt dei  
904 store byane og tettstadene. Ei tannhelsereform som går til å styrkja den offentlege  
905 tannhelsetenesta er også den einaste måten å hindra profitt i velferda på. Tannhelsereforma  
906 har starta gjennom at nye grupper har fått rettar til og rabatterte tilbod i den offentlege  
907 tannhelsetenesta. SV sitt mål er at langt fleire grupper skal få tilbod om gratis og billegare  
908 tannhelse i den offentlege tannhelsetenesta i neste periode.

909 **SV vil:**

- 910 • styrkja og sikra den desentraliserte tannhelsestrukturen gjennom å auka midlane til
- 911 dei offentlege tannhelseklinikkane og gjera det meir attraktivt å jobba innanfor den
- 912 offentlege tannhelsetenesta.
- 913 • sikra rekruttering og ei god tannhelseteneste i heile Vestland gjennom å modernisera
- 914 utstyr og lokale til tannklinikkane.
- 915 • styrkja og sikra spesialiserte tannhelsetenester innanfor det offentlege og vidareføra
- 916 og styrkja tannhelsetenesta sitt kompetansesenter TK Vestland. Gjennom ei styrkt
- 917 spesialistbehandling er det også naturleg å sjå på ei auke i tilbodet ved å utvide med
- 918 spesialistklinikk i Sogn og Fjordane.
- 919 • førebu den offentlege tannhelsetenesta i Vestland på tannhelsereforma gjennom å
- 920 auka kapasiteten.
- 921 • auka kapasitet gjennom at fleire vaksne betalande pasientar skal kunna nytta den
- 922 offentlege tannhelsetenesta i staden for å gå til ein privat tannlege, til dømes fleire
- 923 årskull av unge vaksne og større kapasitet for vaksne betalande pasientar. Tilbodet til
- 924 betalande vaksne pasientar skal ikkje gå på kostnad av prioriterte pasientar.
- 925 • utdanna og tilsetja fleire tannpleiarar.
- 926 • styrkja det førebyggjande tannhelsearbeidet.
- 927 • styrkja kompetansen til dei tilsette ved tannklinikkane for betre å kunna avdekkja vald
- 928 og overgrep.
- 929 • vidareføra og styrkja tannlegevakta i Bergen.

930 **Billegare og gratis tannhelse til nye grupper**

931 SV er utolmodige når det kjem til å gjere tannhelse billegare og tilgjengeleg for fleire. SV vil  
932 difor ikkje berre venta på ei nasjonal tannhelsereform, men også jobba for at Vestland går  
933 føre i å utvida det offentlege tannhelsetilbodet til sine innbyggjarar. Dette kan vera billegare  
934 tilbod eller gratis tannhelse for nye grupper.

935 **SV vil:**

- 936 • utvida og tilby gratis eller billegare offentleg tannhelsetilbod til fleire grupper som i dag
- 937 treng tannhelse.
- 938 • inkludera fleire tannhelsetenester i fylkeskommunal regi, til dømes gjennomføra eit
- 939 pilotprosjekt der kjeveortopedi blir teke inn i den offentlege tannhelsetenesta.
- 940 • samarbeida med studentsamskipnadane for å sikra at studentar har eit
- 941 tannhelsetilbod i tråd med gjeldande lovverk.

## 942 **Rettferd, inkludering og mangfald**

943 Eit organisert arbeidsliv med sterke fagforeiningar, faglege rettar og tariffavtalar er avgjerande  
944 for å utjamna maktforholda i arbeidslivet og hindra utnytting av arbeidsfolk. SV sitt mål er  
945 arbeid til alle.

946 I eit rettferdig og demokratisk samfunn skal alle ha like moglegheiter og rettar til å kunna leva  
947 frie og sjølvstendige liv. Å byggja eit samfunn for alle handlar om å aktivt fremja  
948 menneskerettane og samstundes kjempa mot alle former diskriminering. Antirasisme, Pride  
949 og eit ressursorientert syn på mangfald, må vera førande for fylkeskommunen si verksemd på  
950 alle felt. SV vil ha eit inkluderande arbeids- og samfunnsliv, og ser på mangfaldet som noko  
951 som gjer fylket vårt rikare!

## 952 **Arbeidsliv**

953 Me jobbar for full sysselsetting, små lønnsforskjellar og eit arbeidsliv med rettar og makt til  
954 lønnsarbeidarar. Usikre og mellombelse tilsettingar er blitt vanleg i delar av arbeidslivet.  
955 Mange blir knytte til arbeidslivet på måtar som ikkje gjev dei rettane og det vernet som fast  
956 tilsetting fører med seg, og mange jobbar i yrke der lønna ikkje er til å leva av. Dette bidrar til  
957 auka forskjellar i makt og rikdom, og til auka fattigdom. Partssamarbeidet er viktig for å sikra  
958 offentlege tenester med høg kvalitet og ivareta verdiskaping og fordeling.

959 SV skal stilla klare miljøkrav og krav om ordna arbeidsforholda og tariffavtale ved kjøp  
960 av varer og tenester. SV vil jobbe mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege  
961 tenester og skal vera ein pådrivar for eit godt organisert arbeidsliv, og eit godt  
962 partssamarbeid. Tenester som i dag er på anbod vil SV ta tilbake i fylkeskommunal regi anten  
963 dette gjeld reinhald, eller drift og vedlikehald i kollektivsektoren.

964 I løpet av 20 år er 3,3 millionar færre arbeidarar enn før omfatta av kollektive overeinskomstar  
965 i Europa. Samstundes viser all statistikk at lønn, velferd og yrkesdeltaking ligg høgare i land  
966 med høg organisasjonsgrad og der lønna blir fastsett gjennom kollektive forhandlingar. I  
967 Noreg har over 180 kommunar og fylkeskommunar innført ulike seriøsitetskrav som skal bli  
968 følgde når kommunar og fylkeskommunar inngår kontraktar. Vestland er éin av desse. Det å  
969 vidareføra og styrkja desse seriøsitetskrava er avgjerande for å sikra eit seriøst og trygt  
970 arbeidsliv i Vestland.

971  
972 SV vil ha overgang frå snever mål- og resultatstyring til ei tillitsreform der dei tilsette blir  
973 myndiggjorte til å arbeida sjølvstendig og saman med andre, for å utvikla tenestene og for å  
974 nå måla som er sette. Vestland fylke skal vera eit fylke tufta på fellesskap og sterke  
975 fellesløysingar, der det er godt å bu og arbeida for alle, uavhengig av bustad, sosial og  
976 kulturell bakgrunn.

977 SV meiner det er uheldig at leiarlønningane i Vestland fylkeskommune er landsleiande og  
978 høgare enn statsministeren si lønn. Dette skaper større skilje mellom vanlege  
979 lønsmottakarar og leiinga, og undergrev det organiserte arbeidslivet, tarifforhandlingane og  
980 bidrar til å auka konfliktnivået mot at alle andre yrkesgrupper i fylkeskommunen.

981

982 **SV vil:**

- 983 • jobba for faste og heile stillingar, og for ein heiltidskultur i fylkeskommunen og i dei
- 984 tenestene fylkeskommunen tilbyr.
- 985 • sikra fast tilsetting til dei som jobbar i fylkeskommunen, og arbeida for ei
- 986 fylkeskommunal vikarteneste for å dekkja vikarbehovet.
- 987 • sikra trygge arbeidsplassar og faste tilsettingar gjennom å seia nei til å leggja ut
- 988 nye tenester på anbod, og arbeida for å få fleire oppgåver tilbake i
- 989 fylkeskommunal regi.
- 990 • arbeida mot sentralisering og maktkonsentrasjon, gjennom at fylkeskommunale
- 991 arbeidsplassar skal fordelast på ein slik måte at ein unngår ei utvikling med
- 992 fråflytting og sentralisering.
- 993 • styrkja seriøsitetskrava i Vestland, som mellom anna sikrar krav til lærlingar,
- 994 fagarbeidarar, tarifflønn mellom oppdrag og tal på underleverandørar innan
- 995 fylkeskommunale kjøp, og samarbeida godt med fagrørsla i dette arbeidet.
- 996 • at Vestland fylkeskommune skal vera ein pådrivar og utviklar for miljø og
- 997 klimavenlege løysingar innan transport, energiforsyning, teknologi, industribygging
- 998 og næringsliv.
- 999 • styrkja partssamarbeidet i fylket og jobba for nasjonale kollektive
- 1000 lønnsforhandlingar.
- 1001 • at lønnspolitikken skal byggja på prinsippet om lik status og lik lønn for arbeid av
- 1002 lik verdi i kvinnedominerte og mannsdominerte yrke.
- 1003 • at alle tilsette skal ha like høve til læring og kompetanseutvikling gjennom heile
- 1004 arbeidslivet.
- 1005 • arbeida for at fylkeskommunen er godkjend lærebedrift i alle fag.
- 1006 • stoppa lønnskarusellen i direktør- og leiarsjiktet i fylkeskommunen.
- 1007 • arbeida for at alle verksemder som tek inn lærlingar, må gje ein garanti for å sikra
- 1008 at rettleiar har den kompetansen som skal til for å sikra eit godt fagleg
- 1009 opplæringstilbod til lærlingen.
- 1010 • at arbeidet med å sikra alle ein trygg arbeidskvardag fri for trugslar og vald må
- 1011 intensiverast.
- 1012 • støtta Fair Play.
- 1013 • arbeida med meir inkluderande tilsettingsprosessar med mål om at 5 % av
- 1014 fylkeskommunale tilsette har nedsett funksjonsevne.
- 1015 • arbeida for fleire skjerna arbeidsplassar i fylkeskommunen.

1016

1017 **Inkludering**

1018 Alle som har innvandra eller flykta til Vestland skal få moglegheiter til å leva gode og trygge

1019 liv. Personar som kjem til fylket vårt skal få gode bu- og levetilhøve, oppleva ein kommune og

1020 fylkeskommune som spelar på lag og som ser potensialet i dei. Fylket må vera aktiv og

1021 offensiv i samarbeidet med kommunane, slik at ein kan skapa gode liv for nye medborgarar.

1022 SV trur på at alle menneske har noko å bidra med til fellesskapet. Det må difor vera eit mål å

1023 kartleggja erfaringane og kunnskapane til innvandrarar og flyktningar slik at dei kan ta

1024 utdanninga dei treng og få delta i arbeidslivet. Me må gjera meir av det som me veit verkar!

1025 Språktrening kombinert med arbeidspraksis har vist seg å vera eit godt tiltak i inkludering- og  
 1026 integreringsarbeidet, og SV vil arbeida for fleire slike praksisplassar. Fylkeskommunen har,  
 1027 som ein del av ansvaret for å fremja inkludering og hindre utanforskap, eit særleg ansvar for å  
 1028 førebyggja og motverka negativ sosial kontroll og tvangsekteskap. Me vil difor ha fleire  
 1029 minoritetsrådgjevarar på dei vidaregåande skulane i Vestland som kan vera ressurspersonar  
 1030 både for elevar, tilsette og føresette. Friviljuge og ideelle initiativ er viktige aktørar i det store  
 1031 inkludering- og integreringsarbeidet som blir gjort i landet vårt. Desse må anerkjennast for  
 1032 den innsatsen dei legg ned, samarbeidast med og styrkjast gjennom støtteordningar til  
 1033 friviljuge organisasjonar.

1034 **SV vil:**

- 1035 • arbeida for at det blir oppretta fleire praksisplassar for flyktningar i arbeidslivet.
- 1036 • arbeida for god kartlegging slik at flyktningar kan delta i samfunns- og arbeidsliv.
- 1037 • styrkja og utvida ordninga med minoritetsrådgjevarar på dei vidaregåande skulane.
- 1038 • arbeida for at asylmottaka blir drivne frå offentleg eller ideelt hald.
- 1039 • anerkjenna frivillige initiativ som ein del av inkludering- og integreringsarbeidet.
- 1040 • støtta særleg opp om frivillige initiativ som arbeider med inkludering av kvinner og  
 1041 skeive.
- 1042 • støtta opp om modellar i kommunane for arbeidspraksis og språktrening til flyktningar.
- 1043 • støtta prosjekt som helsesenter for papirlause i Kirkens bymisjon.
- 1044 • sikra fylkeskommunal finansiering av Robin Hood Huset.

## 1045 Likestilling, likeverd og mangfald

1046 Ingen er frie, før alle er frie. Fridom, sjølvstende og reell likestilling og likeverd, har ikkje  
 1047 komme av seg sjølve, men blitt arbeidd for og kjempa fram gjennom mange år. Likestilling og  
 1048 feminisme er berande prinsipp i SV sin politikk, og noko me vil fremja i Vestland  
 1049 fylkeskommune også. Sjølv om mykje godt er gjort allereie, opplever menneske med nedsett  
 1050 funksjonsevne og ulike funksjonsvariasjonar framleis utanforskap i samfunnet og arbeidslivet.  
 1051 Universell utforming og tilrettelegging i både kvardagen og på arbeidsstaden vil gjera at  
 1052 velferdstilbod og jobbmoglegheiter blir tilgjengelege for alle. Dette vil føra til at alle menneske  
 1053 i Vestland kan leva aktive og sjølvstendige liv. Samfunns- og mennesskapt barrierar må  
 1054 fjernast for å sikra reell deltaking. Eit stort samfunnsproblem er vald mot kvinner og barn, i all  
 1055 hovudsak utført av menn. SV meiner at det må arbeidast systematisk i fleire instansar for å få  
 1056 slutt på valden. Krisesentera, støttesenter mot incest og seksuelle overgrep og  
 1057 valdtekstmottak, må difor sikrast gode rammevilkår.

1058 I vårt fleirkulturelle samfunn er mangfaldet noko me me vil verdsetja, ikkje gøyma vekk.  
 1059 Fleirkultur er ein ressurs i arbeids- og samfunnsliv, og me er avhengige av både fleirkulturell  
 1060 forståing og kompetanse på alle plan – både i og utanfor fylkeskommunale verksemder.  
 1061 Synleggjering og verdsetting av mangfald handlar ikkje minst om ivaretaking av skeive sine  
 1062 rettar på alle plan i samfunnet vårt, og ei anerkjenning av det mangfaldet som finst av  
 1063 seksuelle orienteringar, kjønnsidentitetar og kjønnsuttrykk. I Vestland skal alle kunna vera  
 1064 seg sjølve uavhengig av kven dei er og kven dei elsker!

1065 **SV vil:**

- 1066 • ha større og meir systematisk innsats for å få slutt på vald mot kvinner.



- 1067 • jobba for å auka kompetansen om vald og overgrep i fylkeskommunale instansar.
- 1068 • at skulen legg til rette for fysisk aktivitet for alle, også personar med nedsett funksjonsevne.
- 1069
- 1070 • at alle vidaregåande skular skal ha forpliktande handlingsplanar mot seksuell trakassering.
- 1071
- 1072 • ha gode møteplassar og aktivitetstilbod for menneske i alle aldrar og uavhengig av funksjonsvariasjon.
- 1073
- 1074 • satsa på rusfrie kulturtilbod for ungdom under 18 år
- 1075 • at alle krisesenter må vera universelt utforma og ha beredskap som også er det.
- 1076 • ha ei TT-ordning som sikrar dei som treng det nok ressursar til å leva aktive liv.
- 1077 • ha SLT-team (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak) i kommunane.
- 1078
- 1079 • skapa gode møteplassar for mangfaldet av minoritetar og dei som høyrer til fleire minoritetar.
- 1080
- 1081 • ha ein heilskapleg plan knytt til flyktningar med nedsett funksjonsevne.
- 1082 • at fylkeskommunen arbeider for å rekruttera fleire med minoritetsbakgrunn.
- 1083 • jobba for å auka kunnskapen om kjønns- og seksualitetsmangfald hos dei tilsette.
- 1084

## 1085 Folkehelse og idrett

1086 Alle skal ha eit godt helsetilbod, uansett kor dei kjem frå eller kor mykje ein tener. God helse i  
 1087 aller høgaste grad eit klassespørsmål. SV vil kjempa imot dei urettferdige helseforskjellane og  
 1088 leggja til rette for likeverdige tilbod. God folkehelse er avhengig av at det er enklare å vere i  
 1089 fysisk aktivitet og ete sunt, at ein kan leva liv utan vald og at me har inkluderande og  
 1090 kortreiste nærmiljø og lokalsamfunn utan forureining. Eit breitt spekter av folkehelseiltak der  
 1091 menneske får høve til å vera aktive, driva rekreasjon og møta andre menneske, verkar både  
 1092 helsefremjande og førebyggjande. Difor treng me gode nærmiljø, tilgang på friluftsområde og  
 1093 parkar. Folk som lever med kroniske sjukdommar, psykiske lidingar, livsstilssjukdommar,  
 1094 opplever vald eller har andre utfordringar, skal få hjelp til å leva så gode liv som mogleg i sine  
 1095 eigne nærmiljø.

1096 Fysisk aktivitet og idrett er ein viktig del av det å skapa god folkehelse og livskraftige  
 1097 nærmiljø. Idrett er viktig alle delar av samfunnet vårt. Alle menneske skal få høve til å delta i  
 1098 idrett og vera fysisk aktive gjennom heile livet. For barn og unge er det særskilt viktig å kunna  
 1099 delta i idretten som fritidsaktivitet, for sosialiseringa og inkluderinga, utviklinga og  
 1100 meistringskjensla. Diverre er det å delta i idretten så dyrt i mange kommunar, at barn ikkje får  
 1101 høve til å byrja eller må slutta. SV ønskjer at det skal vera gratis for barn å driva idrett i  
 1102 Vestland, men då må idretten sikrast gode rammevilkår samstundes som det blir bygd gode  
 1103 anlegg. Det offentlege må saman med aktørane i idretten, sjå på korleis ein kan senka  
 1104 kostnadane slik at flest mogleg barn og unge får delta i organisert idrett, og eventuelt innføra  
 1105 eit tak for kor mykje det skal kosta for eit barn å delta i idrett i sin krins eller på sitt lag.

### 1106 SV vil:

- 1107 • leggja til rette for trygge nærmiljø og kortreise lokalsamfunn som fremjar folkehelsa.
- 1108 • styrkja og utvikla lågterskel, helsefremjande og førebyggjande helsetilbod i fylket.
- 1109 • stimulera til oppretting av fleire frisklivssentralar i kommunane.

- 1110 • leggja til rette for auka bruk av ute- og friluftsområde.
- 1111 • at det skal bli billegare for barn og unge i fylket å driva idrett.
- 1112 • arbeida for at det skal vera gratis for alle barn å driva idrett.
- 1113 • arbeida for å få bort etterslepet på spelemidlar i heile fylket.
- 1114 • gjennomføra Vestland fylke sin strategi for dataspel og e-sport.

1115

## 1116 **Distrikt og demokrati**

1117 Fylkeskommunen er ein stor og viktig arbeidsplass og ein sentral regional utviklingsaktør. Det er difor viktig at dei fylkeskommunale tenestene og funksjonane blir fordelte over heile fylket.

1118 Det same gjeld statlege tenester og arbeidsplassar. Folk skal kunna bu i distrikta utan store ulemper.

1121 Regionale planar er eitt av fleire verktøy for å leggja til rette for livskvalitet, vekst, robust næringsliv, men ikkje minst ein klima- og naturvennleg utvikling for både by og land. SV er ikkje redd for å ta til motmæle om utviklinga til kommunane går imot regionale planar når det kjem til viktige naturverdiar eller klimavennleg areal og transportutvikling, slik som til dømes strandsone og jordvern.

1126 SV var i utgangspunktet imot fylkessamanslåinga og høgeregjeringa si regionreform. SV aksepterer likevel at reforma er gjennomført, og vil ikkje føreslå noka oppløysing av Vestland fylke. I staden vil me arbeide for ein sterk og distriktsvennleg politikk i fylket. Veggen mellom folkevalde og innbyggjarar skal vera kortast mogleg, og difor me vil leggja til rette for desentraliserte arbeidsplassar, bustader og offentlege tenester.

1131 Det å sikra brei representasjon i folkevalde organ er viktig for å sikra eit representativt demokrati. Me veit mange grupper er underrepresenterte i politikken, til dømes kvinner, ungdom og minoritetsgrupper. Vestland er eit stort fylke og for å sikra brei representasjon og like vilkår anten ein er i posisjon eller opposisjon, små eller store parti, bør fleire bli frikjøpte i heile- og halvtidsstillingar. Lønnsnivået bør samstundes reduserast i forhold til dagens satsar.

### 1136 **SV vil:**

- 1137 • halda på dagens Vestland fylkesting med 65 medlemmar. Me meiner det trengst ei så stor forsamling for å sikra god representasjon.
- 1138 • halda fram med formannskapsmodellen som styringsform og seia nei til parlamentarisme i Vestland fylke.
- 1139 • leggja til rette for at fleire folkevalde blir frikjøpte i heile eller halve stillingar, men redusera lønnsnivået samanlikna med perioden 2019 – 2023.
- 1140 • at kommunesamanslåingar skal vera friviljuge.
- 1141 • halda på dagens lokaliseringar i Vestland fylke, både for Statsforvaltaren, med hovudkontor i Leikanger og avdelingar i Bergen og Førde, og for fylkeskommunen, med hovudkontor i Bergen og avdelingar i Førde og Leikanger.
- 1142 • aktivt nytta regionale planar for å sikra ei klima-, natur- og distriktsvennleg utvikling.
- 1143 • at arbeidsplassane i fylkeskommunen skal vera mest mogleg fleksible i høve til oppmøtestad og heimekontor. I stillingar som ligg til rette for det, bør dei tilsette ha høve til arbeidsstad og kontorlokale på heimstaden dersom dei har lang arbeidsveg.

- 1151 • arbeida for å utvikla og styrkja lokale næringshagar i distrikta.
- 1152 • avvikla helseføretaksmodellen og etablera sjølvstendige sjukehus som er underlagde
- 1153 regional folkevald styring. Endringa må sikra ei lokal og praksisnær leiing, og aktiv
- 1154 involvering og medråderett for dei tilsette.
- 1155 • at fylkeskommunen skal vera høyringspart for nasjonal helse- og sjukehusplan, slik
- 1156 fylkeskommunen er i nasjonal transportplan.
- 1157 • ha folkevalde representantar, valde inn frå fylkestinget i styra for helseføretaka.
- 1158 • ha eit styrkt samarbeid mellom helseføretaka og kommunane. Helseføretaka må
- 1159 involvera kommunane mykje betre enn i dag når det gjeld til dømes struktur innanfor
- 1160 ambulansetenester.
- 1161 • sikra vidare drift av dagens sentral- og lokalsjukehus.
- 1162 • sikra vidare drift av dagens rettsstader under Hordaland tingrett (Bergen og Lofthus)
- 1163 og Sogn og Fjordane tingrett (Førde, Sogndal og Nordfjordeid). Rettsstadene utanom
- 1164 hovudkontora skal styrkjast for å sikra rettstryggleiken i distrikta.
- 1165 • halda på dagens inntektssystem når det gjeld særlege skattar og avgifter som går til
- 1166 kraftkommunar og kommunar med oppdrett. Me meiner at desse inntektene er ein
- 1167 viktig kompensasjon for ulempene slik aktivitet medfører i kommunane.
- 1168 • sikra vidareføring av lågare arbeidsgjevaravgift i distrikta.
- 1169 • arbeida for å motverka dei store ulempene for bustadbyggjarar i distrikta, som ofte
- 1170 ikkje får store nok lån hos kommersielle bankar. Me vil jobbe for at distrikta får ei eiga
- 1171 øyremerkt ordning i Husbanken.

1172

## 1173 Internasjonal solidaritet

1174 SV ønskjer ei verd for dei mange, ikkje for dei få. Då trengst det ei radikal omfordeling av  
 1175 makt og ressursar i verda, både mellom land og internt i land. Me treng tiltak for fred,  
 1176 menneskerettar, nedrusting og demokratiutvikling, heller enn militære intervensjonar.  
 1177 Vestland blir lite i den store verda, men kan utgjera ein forskjell.

1178 Fordeling av økonomiske gode og fordeling av politisk makt heng nøye saman. Ei rekkje land  
 1179 i verda har dei siste åra gått i ei autoritær retning. Dette er ei utvikling som SV vil motarbeida.  
 1180 SV vil at Noreg skal vera ei tydeleg røyst for berekraftsmåla og menneskerettane i all  
 1181 internasjonal kontakt. Norske økonomiske interesser skal aldri stå i vegen for kritikk av  
 1182 menneskerettsbrot og støtte til kampen for demokrati. Utanriks- og utviklingspolitikken skal  
 1183 støtta opp om levande demokrati og sterke sivilsamfunn. SV vil gje politisk og økonomisk  
 1184 støtte til fagrørsler, demokratirørsler og sosiale rørsler. Skal den globale forskjellen snu, må  
 1185 vanlege folk og arbeidarar få sterkare vern og rettar, og fagforeiningsarbeid må styrkjast.  
 1186 Utviklingspolitikken må òg rette innsatsen sin mot diskriminerte og undertrykte  
 1187 samfunnsgrupper, gjennom å sørgja for at sivilsamfunnsstøtta er brei og inkluderande.

1188 SV ønskjer å bruka fylkestinget som talarstol og demokratisk arena for å diskutera  
 1189 internasjonal politikk og forsvarspolitikkk. Ekte fred er ikkje berre fråvær av krig, men at krig er  
 1190 usannsynleg.

1191 **DISSENS 5** Eit mindretal på to vil ta inn teksten under:

1192 Me gjer ingen skilnad på kven som treng hjelp. SV vil gje vern til alle som treng det. Difor vil  
1193 me halda fram å gje Ukraina sterk støtte, og ta imot russarar som nektar å kriga i Ukraina.

1194 **SV vil:**

- 1195 • arbeida for atomvåpenforbod og nedrusting.
- 1196 • støtta boikott av land som bryt menneskerettane, inkludert apartheidstaten Israel.
- 1197 • ta avstand frå all krigføring.
- 1198 • sikra at krav til menneskerettar, arbeidsforhold og akseptable naturinngrep blir  
1199 stilte i produksjonen og leverandørkjeda av batteri og andre komponentar i  
1200 overgangen til nullutsleppssamfunnet.
- 1201 • styrkja det fylkeskommunale bidraget til RAFTO-stiftinga og arbeida for at  
1202 ombygginga av RAFTO-huset blir gjennomført.

1203